

To år etter dialogkonferansen på Sunnfjord Medisinske Senter. Oppsummering hausten 2015.

Den 24.september 2013 var der arrangert dialogkonferanse på Sunnfjord Medisinske Senter. Utgangspunktet for konferansen var at det var avklart at innen utgangen av 2014 skulle store deler av heletjenesten i Flora Kommune, Helse Førde avd Florø samt fleire private aktørar samlokalisert på Sunnfjord Medisinske Senter (SMS). Agenda for konferansen var: 'vi har ei unik mulighet til å skape eit sterkt fagmiljø, med godt samarbeid og nye arbeidsmetoder. Kva ynskjer vi å få ut av samlokaliseringa?'

Dialogkonferansen var ein suksess og på bakgrunn av referat frå konferansen var der utarbeidd ein rapport. Denne rapporten har sida fungert som arbeidsdokument for samhandling på SMS. No, to år etter konferansen er det naturleg å evaluere progresjonen gjennom desse to åra.

Tidslinje:

25.mai 2013	Skiping av Fagråd på SMS
24.september 2013	Dialogkonferansen samt utarbeiding av rapporten som vert sett som arbeidsdokument for samhandling på SMS.
Haust 2013	Oppstart av Prosjektgruppa «Sahandling under same tak i Florø» med leiar Normund Svoen. Prosjektgruppa definerte organisasjonsstrukturen på SMS og framstilte denne i organisasjonskartet for SMS.
Haust 2013	Igangsetting av arbeidsgrupper som skulle jobbe for samhandling mellom 1. og 2.-linjehelsetenesta. Arbeidsgruppene skal svare til Prosjektgruppa.
Haust 2013	Fagrådet tok initiativ til å stifte ein Sosial komité som skal fremje sosialt samvær på SMS.
Haust 2013 og vår 2014	Fagrådet tok rapporten frå dialogkonferansens til etterretning og jobba for å få 'kjennskap til kvarandre sin kompetanse og ferdigheter for økt deling av kunnskap og ferdigheter i bygget'. Fagrådet arrangerte ein serie med hyppige møter der kvar driftsavdeling fekk i oppgåve å presentere seg sjølve for dei andre.
Haust 2013	Fagrådet tok initiativ til å utarbeide ei kontaktliste til alle som jobber i bygget. Lista inneheld navn på alle medarbeidare samt email og/eller direkte telefonnummer. Denne er distribuert til alle medlemmene i Fagrådet for vidare innad distribusjon i dei ulike driftsavdelingane.
Haust 2013	Fagrådet oppretta ein Dropbox der alle offisielle dokument og referat frå SMS er tilgjengeleg til intern distribusjon. Medlemmer i Fagrådet samt Prosjektgruppeleiar, representant for Styringsgruppa og huseiger har tilgang.
Haust 2013	Stifting av Leiarforum ved Jan Helge Dale. Leiarforum er

	representert med alle dei store driftseinhetene på SMS og skal handtere driftsmessige spørsmål.
Haut 2013	Stifting av Styringsgruppa ved Jan Helge Dale. Medlemmane i gruppa består av leiarar i Flor kommune, Helse Førde og Fagrådet ved SMS.
Haut 2013	Ved stiftingsmøte til Styringsgruppa var der konsensus mellom leierane for dei store driftsavdelingane at der skal kunne frigjerast ressursar til samhandling. Dette primært for å kunne bruke arbeidstid til arbeid som fremjer samhandling.
Mars 2014	Besøk av helseminister Bent Høie som rosa SMS- senteret si samlokalisering og samhandling i primærhelsetjenesta.
Sommar 2014	Helse Førde avd Florø flytta inn i sine lokaler på SMS.
Vår 2014	Masterstudent Ingeborg Husabø Bjørset med oppgåve i samhandling.
Haut 2014	Invitasjon frå Helse Førde til å delta på internundervisning kvar fredag morgon. Forelesning vert video-overført frå auditoriet ved FSS.
Haut 2014	På initiativ frå Fagrådet igangsetting av arbeidsgruppe for samhandling for pasienter med samansette plager.
3.juni 2015	Offisiell opning av Sunnfjord Medisinske Senter. Dette vart sett i stand etter initiativ av Sosial komitè.
Vår 2015	Utarbeiding av avdelingskart. I forkant av opninga vart der utarbeidd ei oversikt over alle avdelingane. Der var og utarbeidd faktaark med informasjon frå alle driftseinhetene på SMS.
Sommar 2015	Innhenting av anbud på nettside til SMS.
Haut 2015	Tildeling av midler på kr 200 000.- for prosjekt «Samhandling under same tak i Florø»
Haut 2015	Val i Fagrådet. Utsett valg av ny leiar, nestleiar og sektretær.
01.12.2015	Lansering av nye nettsider på www.sms-senteret.no

Dette er berre ei kort oppsummering for små milepæler som illustrerar framgang gjennom dei siste to åra. Det kan heilt sikker supplerast med fleire viktige hendingar.

I tillegg til regelmessige møter i fagråd, prosjektgruppe og arbeidsgrupper der ein har erfart ein gradvis progresjon, har SMS- senteret blitt ein arena der det er lett å ta opp spørsmål og idear til samhandling i primærhelsetenesten. Medarbeiderane på Sunnfjord Medisinske Senter er blitt betre kjende med kvarandre og kva tilbod dei ulike driftseinhetene har. Forhåpentligvis vil dette føre til enda meir samhandling i tida som kjem.

Vegen vidare

Ved ei slik oppsummering er det og naturleg å vurdere kva må ein jobbe meir med. Kikker ein i arbeidsdokumentet eller rapporten frå Dialogkonferansen kan ein plukke ut nokre få gjenstående oppgåver.

Behov identifisert i dialogkonferansen	
Nettside	På plass pr. 01.12.15 – kontinuerleg oppdatering.
Informasjonkart for pasientar og brukara	Der er tavler i kvar etasje med alle driftsavdelingar i kvar etasje. I tillegg var der utarbeidd etasjeoversikt og faktaark til opningsfesten sommaren 2015. Men der er stadig tilbakemelding til fagrådet om at besøkande ikkje finn fram og at der er behov for betre informasjon. Ettersom slagord frå Dialogkonferansen var 'Ja, du er komen rett', er dette noko ein bør ta til etteretning.
ID-kort	Dette har vert tatt opp, men er trulig for kostbart til å gjennomføre.
Faste møter for internundervisning på tvers av avdelingane.	Dette er enno ikkje vurdert.
Felles fagdag.	Dette er enno ikkje vurdert.
Deling av kompetanse med andre kommuner	I dialogkonferansen var der foreslått at ein kan dele kompetanse med nabokommunane. Kanskje kan ein dele erfaringane med samhandling under samme tak frå SMS med andre kommuner?

Sjølv om mange mål er nådde er samhandlingsprosjektet på SMS enno i ei tidlige startfase. Samhandling er noko som skjer dagleg på eit individuelt plan mellom dei ulike medarbeiderane på SMS. Når kollegaer mellom ulike drifsteinheter kan møtast i uformelle omgivelser til lunsj og i fobifarten i gangen er terskelen lågare for å bruke av kvarandre sin kunnskap og kompetanse. På eit individuelt plan mellom medarbeiderane har ein sett at det er stor velvilje til å få til vidare samhandling.

Desse første to åra har progresjon i samhandling vore eit resultat av eldsjeler og dugnadsinnsats frå dei individuelle medarbeiderane på SMS. Progresjon har kome som eit resultat av innsats lokalt i Florø. Men eldsjeler og velvilje aleine vil på sikt ikkje vere nok til å fortsette og utvide samhandlingsprosjektet. Med tildeling av midler som var øremerka samhandling hausten 2015 ser ein forhåpentligvis starten på tilrettelegging til samhandling også frå sentrale hald med tilgang til dei ressursar som dette krev. Det vert spennande å følge 'samhandling under samme tak' prosjektet på Sunnfjord Medisinske Senter i åra som kjem.

Sjå elles oversikt over organisasjonskart, arbeidsgrupper osv andre stader på denne sida.

Florø, 10. desember 2015

Maria Torheim Bjelkarøy

Avtroppande leiar, Fagrådet på SMS